

## Om kjedet:

**Ordførarkjedet er designa og laga av gullsmed Reidun Breistig**

Adresse: Skeisvollveien 21, Haugesund.  
Tlf 92809240/52722640

Ordførarkjede-komiteen:

Gunnar Kjerland (leiar/sekretær, Liv Jorun Aga og Astrid Dale Vindal

**Grunnlag for utforming av kjedet og symbola i kjedet:**

1. **Heradsvåpenet** skal vera framme, hardingfela i gull mot grøn botn
2. **heradsblomen** skal vera bak, blad frå lindetreet (eit eller fleire blad)
3. **på kjedet** ynskjer ein 6 (eller 4) element som fortel litt om Granvin/gravensaren:  
**Tømmer:** Granvin bruk, skogeigarlaget, hogstaktivitet/-forvaltning  
**Fiske:** God lakse/-aureelv, granvin vassdraget  
**Kyrkjeklokke:** Ei av nordens eldste kyrkjeklokker ligg i tårnet i kyrskja  
**Knutepunkt:** Historisk turistknutepunkt: Båt-hesteskyss-bil-jernbane  
**Maur:** Gravensaren stillfaren og arbeidsom, dugnadsånd, får mykje ut av lite, arbeida i lag  
**Bergbrur/Bergfrue:** plante som veks på karrige stader, blømer ikkje kvart år, er sein, men når den litt etter litt kjem i seiget vert det veldig bra, i fylgje ein kjend historikar typisk gravensar  
**Ljåblad:** Gullsmed Reidun Breistig kom i tillegg med forslag om ljåblad-symbol, inspirert av dei mange ljåsmedane i Folkedal
4. **Sjølve kjedet eller sambindinga** er det ynskjeleg å bruka element frå hardingfela som inspirasjon, for eksempel strengene, skrueutforming, stol, dekor mm
5. **Heilskapen** må vera luftig, mjukt, ikkje for prangande, passa til både kraftig, spe, kvinne og mann

Komiteoppstart: Juni 2011

Kjede ferdig: Desember 2012

## Reglement for bruk av ordførarkjedet

Ordførarkjedet skal symbolisere verdigheta til heradet sin fremste representant og symbolisere verdigheta ved utøving av denne gjerninga i høgtidelege samanhengar.

### Kven kan bera kjedet

- Kjedet kan berre berast av den valde ordføraren

### Når skal kjedet berast

- Kjedet vert bore når ordføraren representerar Granvin herad ved offisielle og høgtidelege besøk til heradet
- Kjedet kan verast ved høgtidelege anledningar som ordføraren er invitert til, i og utanfor heradet
- Kjedet vert bore og vert overrekt ved skifte av ordførar
- Kjedet skal ikkje berast ved ordinære heradsstyremøte

### Korleis skal kjedet berast

- Kjedet vert bore utanpå fint og korrekt antrekk, det er eit «snykke» og val av klede, smykke, slips mv må tilpassast
- Kjedet skal normalt ikkje berast utanpå ytterklede

### Oppbevaring og transport av kjedet

- Når kjedet ikkje er i bruk skal det oppbevarast på ein eigna sikker plass i heradshuset eller bankboks
- Når kjedet er på reise skal det transporterast i eigen koffert

### Forsikring

- Heradet må forsikra kjedet